

Velkommen til Dialogkonferansen i København

2. – 4. september 2015



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



AKTIV
KvarDag

Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Dei siste åra har representantar frå kommunar delteke i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Denne gongen inviterar vi dykk til København. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.



Målgruppa for konferansen er administrativt tilsette som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar. Hordaland fylkeskommune dekker delar av kostnaden for ein deltakar frå kvar kommune. Pris for ein deltakar er kr. 3000,- Dersom ein kommune/organisasjon ønskjer ytterlegare deltaking vert prisen kr. 5000,- for ekstra person.

Vi legg opp til bruk av buss på synfaringane. Ta likevel med gode sko, vi skal gå litt også. Særskilte behov i høve mat og andre ting er fint å få informasjon om ved påmelding.




Ta kontakt med Bjørg Larsen tlf 55 23 91 65 / bjorg.larsen@hfk.no eller Hanne Espe tlf 55 23 91 78 / hanne.espe@hfk.no om noko er uklårt eller de har spørsmål.

Påmeldingsfristen er 1. juli.

Påmelding på epost til bjorg.larsen@hfk.no

Velkommen til aktive dagar i København!



Program

Onsdag 2. september

KI 0845	Frammøte Flesland
KI 0955	Avgang København
KI 1115	Landar i København
KI 1200	Lunsj Cafè 8 tallet
KI 1345	Synfaring Plug n Play
KI 1430	Amager Strandpark/Vest-Amager
KI 1700	Game/Street Mekka
KI 1800	Innsjekk First Hotel Mayfair
KI 2000	Middag Peder Oxe

Torsdag 3. september

KI 0800	Avgang til konferanse
KI 0830	Sidan sist
KI 0900	Idrettens analyseinstitut
KI 0945	København kommune
KI 1030	Pause
KI 1045	Skole+
KI 1130	Lokale og anlægsfonden
KI 1215	Nytt frå KUD
KI 1300	Lunsj
KI 1400	Tagensbo skole
KI 1500	Gyngemosehallen
KI 2000	Middag Paafuglen Tivoli

Fredag 4. september

- | | |
|---------|-------------------------------------|
| KI 0830 | Avreise frå hotel |
| KI 0900 | Handicaporganisationernes Hus |
| KI 1000 | Bellahøy skole |
| KI 1130 | Nørrebrohallen + Superkilen + lunsj |
| KI 1330 | Blocs and Walls klatresenter |
| KI 1445 | Frammøte Kastrup |
| KI 1615 | Avgang frå København |
| KI 1740 | Landar på Flesland |

AKTIV KvarDag



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no